
Saksnr: 2021/6002-18
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkestinget		16.06.2021

Vurdering og konkludering kring sak om habilitet - Karianne Alette Torvanger

Forslag til vedtak

1. Karianne Alette Torvanger trer inn igjen som utvalseiar for hovudutval for opplæring og kompetanse frå dags dato.
2. Karianne Alette Torvanger legg fram ein skriftleg orsaking til fylkestinget ved fylkesordførar.
3. Fylkestinget ser svært alvorleg på tillitsbrotet i saka, og fylkesordførar kallar Karianne Alette Torvanger inn til samtale om framtidig behandling av spørsmål om habilitet samt samarbeidet med fylkesadministrasjonen i resten av valperioden.

Samandrag

Det har sidan april 2021 vore ein prosess kring spørsmål om habiliteten til leiar for hovudutval for opplæring og kompetanse, Karianne Alette Torvanger. Det har vore gjort rettslege vurderingar frå advokatfirmaet Thommessen AS, KS Advokatane i tillegg til administrative vurderingar. Det har og vore ein grundig politisk prosess på tvers av partia i fylkestinget i tillegg til sjølvstendig arbeid i gruppestyret til Arbeiderpartiet. Fylkesordførar legg med dette fram forslag til vedtak som gjer at saka kan få sin avslutning.

Jon Askeland
fylkesordførar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det var i april 2021 at fylkesordførar vart orientert om problemstillingar knytt til habiliteten til leiar for hovudutval for opplæring og kompetanse, Karianne Alette Torvanger (A). Gruppeleiarane i fylkestinget har vore informert om saka sidan starten, og har motteke dokument/notat frå advokatfirmaet Thommessen AS, KS Advokatane og politisk sekretariat. Fylkesordførar vil og legge til at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har vore orientert på same måte.

Til saka vil fylkesordførar legge fram relevant dokumentasjon slik at fylkestinget kan slutføre prosessen kring representanten Torvanger. I tillegg til nemnde dokument over, vil gruppestyre i Arbeiderpartiet si tilråding bli lagt fram. Alle gruppeleiarar i fylkestinget er informert om dette på førehand.

Fylkesordførar tek til orientering behandlinga som Arbeiderpartiet har hatt i denne saka. Fylkesordførar legg med dette fram forslag til vedtak slik at saka kan få sin avslutning, og at Karianne Alette Torvanger; utvalsleiar for hovudutval for opplæring og kompetanse, trer inn igjen i sitt verv frå det tidspunktet når fylkestinget gjer vedtak i dette tingsete.

Fylkesordførar vil sjølv kalle Karianne Alette Torvanger inn til samtale for å sikre at representanten Torvanger i det vidare arbeidet er bevisst på framtidig behandling av spørsmål om habilitet samt samarbeid med fylkesadministrasjonen i resten av valperioden.

Fylkesordførar er oppteken av læringselementet i saka, og vil streke under ansvaret som kviler på den enkelte fylkestingsrepresentant. Folkevalde er avhengig av høg tillit ut i samfunnet, til kvarandre og til samarbeid mellom politisk og administrativt nivå.

Vestland fylkeskommune har hatt denne typen problemstillingar (habilitet/den enkelte fylkestingsrepresentant sitt ansvar) på dagsorden både i enkeltsaker og på politikardagar (folkevaldopplæring). Denne saka viser behovet for kontinuerleg oppfølging av den enkelte folkevald sitt ansvar.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.

Konklusjon

Fylkesordførar rår fylkestinget til gjere vedtak slik forslag er lagt fram.